



Sigurd Vikøren i Rosendal (Prinfo Media) har no gjeve ut nummeret SommarSpesial av Kvinnheradmagasinet.
Det er eit produkt av høg trykkteknisk kvalitet og det gjev eit uttømmmande bilete av kva Kvinnherad har å by på for sine gjestar.
Uskedalen er representert med 10 sidar stoff og annonsar.



Birger Myklebust - tilsynsman på overtid. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sjøløst er det eit forbetningspotensiale også i dette tilfellet. Det gjeld ikkje minst tidspunktet for utgjevinga. Vi skriv allereie 10. juli og magasinet burde vore på marknaden minst ein måned tidlegare - eller aller helst i mai - for å nå folk flest i ferieplanleggjinga. Men det er nok Vikøren sjølv den fyrste til å innrømme.



Uskedalselva er beste fiskeelva i Kvinnherad og Halvard Døssland og Reidar Bauge er fornøgte med fangsten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Magasinet er trykt i 10.000 eksemplar og blir distribuert til alle husstandar, bedrifter og overnattingsstader i kommunen i tillegg til turistkontor, ferjer, snøggåtar, båthamnar og bensinstasjonar. Det er ikkje for sterkt sagt at ein i denne massive trykksaken finn det meste av det ein treng for å ha utbytterike feriedagar i vår kommune. Men ikkje berre det - ein får også veta meir om kjende kvinnheringar. Ein av dei er uskedaling: Birger Myklebust blir presentert som 'Tilsynsmann på overtid' og han har sin stor del av æra for den posisjon båthamna har i dag.

I magasinet har redaktøren satsa på å presentera alle bygdelag i kommunen og litt av dei tilboda ein kan finna her. Difor er det synd at eitt av bygdelaga - Seimsfoss - har falle ut under den tekniske prosessen.

I sin introduksjon slår Vikøren fast at kommunen er velsigna med mykje av det beste fedrelandet har å by på, og det er ingen grunn til å vera usamd med han!

Han peikar på at ein finn fine badeplassar, at fleire av båthamnane har vore og er mellom landets fremste og at vi er velsigna med eit fenomenalt turterreng.

I magasinet kan ein såleis finna lista med turstiar som i løpet av året vert skilta i samband med turstiprosjektet. Ni av stiane er i Uskedalen.

Og når det gjeld kulturtilbodet meiner redaktøren at ein knapt nokon annan stad på landsbygda finn så mange profilerte kunstnarar kvar sommar som i Baroniet Rosendal.

Og apropos Rosendal: Han som truleg veit mest om Baroniet si historie, professor Jørn Øyrehagen Sunde frå Uskedalen, har ein spanande artikkel om 'Duftande lavendel og gevær lada med erter'. Den fortel om eit liv bak kulissane - bokstaveleg tala!

Av Ola Matti Mathisen